



KSK-notat nr.: 3/2013 - Bakgrunn for vedtak

Søker/sak:	Jarle og Marit Tveit og Vidar og Anita Austarå / Søknad om bygging av minikraftverk i Tverråna - Hamrabøvassdraget		
Fylke/kommune:	Rogaland/Suldal kommune		
Ansvarleg:	Øystein Grundt	Sign.:	
Sakshandsamar:	Siri Merethe Fagerheim	Sign.:	
Dato:	25 JAN 2013		
Vår ref.:	NVE 200702101-42 ksk/smf		
Sendast til:	Søklar og alle som har uttala seg til saka		

Søknad om løyve til bygging av Tverråna minikraftverk i Hamrabøvassdraget i Suldal kommune, Rogaland fylke

Innhald

Samandrag	1
Søknad	2
Høyringsuttalar	4
Søklar sine kommentarar til høyringsuttalane	9
Tilleggsopplysningar og kommentarar til desse	10
Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) sine merknader	13
NVE si vurdering	17
NVE sin konklusjon	22

Samandrag

Det omsøkte minikraftverket vil nytte eit fall på 185 m mellom kote 475 og 290 i Tverråna. Tverråna er ei sideelv til Hamrabøna og vert derfor omfatta av verneplanen som gjeld for Hamrabøna. Det planlagde minikraftverket vil få ein installert effekt på 200 kW og vil produsere omlag 1,15 GWh årleg. Rørgata vert ca. 950 m lang og er planlagt grave ned på heile strekninga. Det vil ikkje bli bygd nye vegar, ettersom røtraseen vil følgje eksisterande jordbruksvegar. Kraftstasjonen vil verte bygd i tilknytning til garasjen på gardsnummer (gnr.) 49 og bruksnummer (bnr.) 1.

Middelvassføringa i Tverråna er berekna til 540 l/s. Tverråna minikraftverk er omsøkt med ei maksimal slukeevne på 200 l/s, noko som tilsvarer 37 % av middelvassføringa. Søklar har foreslått slepp av minstevassføring på 80 l/s heile året. Det er òg søkt om løyve etter energilova for bygging og drift av Tverråna minikraftverk med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftline.

Suldal kommune er positiv til utbygginga, så lenge det vert satt strenge vilkår om landskapstilpassing og støydemping. Fylkesmannen i Rogaland er negativ til utbygginga på grunn av at den vil true ei bekkekløft av regional verdi og verneverdiane for vassdraget som var grunngeve i vassdraget sitt urørte preg i ein region sterkt merka av vassdragsutbygging. Fylkesmannen viser til at det i dette lille

nedbørfeltet er bygd tre kraftverk (Hamrabø I, Havrevoll og Austarå), og ytterlegare to er omsøkte (Tverråna og Hamrabø II). Vi vil her påpeike at Austarå minikraftverk ikkje er bygd og at søknaden om Hamrabø II mikrokraftverk er trekt. Rogaland fylkeskommunen er positiv til utbygginga, men krev at inngrepa skal skje på ein skånsam måte med god landskapsmessig tilpassing, og at utforming av kraftstasjon skal tilpassast bygningsmassen i nærleiken. Kystverket har ingen merknadar, og det har heller ikkje Statens vegvesen så lenge anlegget ikkje påverkar riksveg 13. Suldal Elverk seier at det er nettkapasitet og at søkjar må dekkje alle kostnader til nettilknytning sjølv, men har ingen merknadar utover dette.

Ei utbygging etter omsøkt plan vil gje om lag 1,15 GWh/år i ny fornybar energiproduksjon. Dette er ein produksjon som er vanleg for minikraftverk. Sjølv om dette isolert sett ikkje er eit vesentlig bidrag til fornybar energiproduksjon, så utgjer småkraftverk samla sett ein stor del av ny tilgang dei seinare år. Dei tre siste åra har NVE klarert om lag 1,9 TWh ny energi frå småkraftverk. Dei aller fleste prosjekta vil ha enkelte negative konsekvensar for ei eller fleire allmenne interesser. NVE meiner at så lenge desse interessene ikkje er av svært stor verdi eller dersom dei kan avbøtast i tilstrekkeleg grad gjennom vilkår, så kan tiltaket få konsesjon. Dei konsesjonsgitte tiltaka vil vere eit bidrag i den politiske satsinga på småkraftverk og på fornybar energi.

I eit verna vassdrag meiner NVE at den naturlege dynamikken med skiftande vassføringar er ein viktig del av elva sin eigenverdi. NVE legg vekt på at det er planlagt slepp av minstevassføring heile året som er høgare enn utrekna 5-persentil sesongverdiar ved inntakspunktet i Tverråna. Ei slik rikeleg minstevassføring, saman med ei dimensjonering av kraftanlegget som gjev ei avgrensa slukeevne vil etter NVE si vurdering vere særskild viktig for å ta vare på verdiar knytt til naturmiljøet i og langs vassdraget og for oppleving av elva. Verneverdiane i vassdraget vert etter vår meining ikkje påverka i vesentleg grad. Tiltaket er derfor etter vårt syn ikkje i strid med vassressurslova § 35, post 5 og 8. Inngrep for inntak, rørgate og kraftstasjon kan avdempast med avbøtande tiltak. Med god planlegging og oppfølging i byggetida meiner NVE at tiltaket vil ha avgrensa negative verknadar for allmenne interesser. Utbygginga kan bidra til å oppretthalde busetnad på garden og dermed auke sannsynet for bevaring av eit verdifullt kulturlandskap.

Etter ei samla vurdering av planane og innkomne uttalar meiner NVE at fordelane med bygging av Tverråna minikraftverk er større enn skader og ulemper for allmenne og private interesser slik at kravet i vassressurslova § 25 og § 35, post 5 og 8 er oppfylt. NVE gjev Marit og Jarle Tveit og Anita og Vidar Austarå løyve etter vassressurslova § 8 til bygging av Tverråna minikraftverk på nærare fastsette vilkår.

Søknad

NVE har motteke følgjande søknad frå Marit og Jarle Tveit og Anita og Vidar Austarå, datert 23.6.2011:

"Grunneigerar, Vidar og Anita Austarå, gnr 52/1 og Jarle og Marit Tveit, gnr 49/1 ynskjer å nytta ein del av vassfallet i Tverråna på Hamrabø til bygging av minikraftverk.

I Vi søker med dette om løyve etter vannressurslova, jf. § 8, til å byggja Tverråna minikraftverk.

II Vidare søkes det om løyve etter energilova for bygging og drift av Tverråna minikraftverk, med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftilinjer som beskrevet i søknaden. Naudsynlige opplysningar om tiltaket fylgjer av innsendte dokumenter."

Hovuddata for prosjektet er i tabellen under:

Tverråna minikraftverk, hovuddata		
TILSIG		Hovudalternativ
Nedbørfelt	km ²	6,1
Årleg tilsig til inntaket	mill.m ³	17,0
Spesifikk avrenning	l/s/km ²	90
Middelvassføring	l/s	540 l/s
Alminneleg lågvassføring	l/s	34*
5-persentil sommar (1/5-30/9)	l/s	74
5-persentil vinter (1/10-30/4)	l/s	32
KRAFTVERK		
Inntak	moh.	475
Avlaup	moh.	290
Lengde på berørt elvestrekning	m	860
Brutto fallhøgde	m	285
Midlare energiekvivalent	kWh/m ³	0,45
Slukeevne, maks	l/s	200
Slukeevne, min	l/s	20
		400(øvre)
		350 (nedre)
Tilløpsrør, diameter	mm	
Tunell, tverrsnitt	m ²	
Tilløpsrør/tunell, lengde	m	950
Installert effekt, maks	kW	200
Brukstid	timar	7000
PRODUKSJON		
Produksjon, vinter (1/10 - 30/4)	GWh	0,24
Produksjon, sommar (1/5 - 30/9)	GWh	0,70
Produksjon, årleg middel	GWh	1,15
ØKONOMI		
Utbyggingskostnad	mill.kr	2,7
Utbyggingspris	kr/kWh	2,34
*tal henta frå skjema for hydrologiske forhold (vedlegg til søknaden).		
Tverråna minikraftverk, elektriske anlegg		
GENERATOR		
Yting	MVA	0,2 (2x0,1)
Spenning	kV	0,69
TRANSFORMATOR		
Yting	MVA	Ikkje oppgitt
Omsetning	kV/kV	
NETTILKNYTING (kraftlinjer/kablar)		
Lengde	km	0
Nominell spenning	kV	Ikkje oppgitt
Luftlinje el. jordkabel		Ikkje oppgitt

Høyringsuttalar

Søknaden er handsama etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova. Den er kunngjort og lagt ut til offentleg ettersyn. I tillegg har søknaden vore sendt lokale myndigheiter og interesseorganisasjonar, samt involverte partar for uttale. NVE var på synfaring i området den 22.5.12 saman med representantar for tiltakshavar, kommunen, Fylkesmannen og Suldal Elverk. Søkjar har fått høve til å kommentere høyringsuttalane.

NVE har motteke følgjande merknadar til søknaden:

Suldal kommune uttalar i brev av 31.10.2011:

"(...)

LMT-150/11 VEDTAK

Suldal kommune finn at planane for bygging av Tverråna minikraftverk kan gjennomførast utan at natur- miljø- og landskapskvalitetane i Hamrabøgrenda og rundt det verna Hamrabøvassdraget vert skadelidande. Det må setjast vilkår om streng landskapstilpassing ved anlegget: Terrenget over røyrkata må tilbakeførast til det bildet det har i dag utan unødig opphald, og utforminga av kraftstasjonen må skje i streng tilpassing til dei gamle verneverdige bygningane i tunet gjennom materialbruk og byggeskikk. Det må stillast strenge krav til støydemping sidan kraftstasjonen ligg så sentralt i grenda, nær bustader."

Vi refererar vidare frå saksframlegget:

"(...)

Gjeldande planar, retningslinjer og vedtak

Generelt Lnf-område i kommuneplanens arealdel. Hamrabøåna er et varig verna vassdrag. Hamrabøgrenda inngår i ei nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskapsområde. Kommunestyrevedtak 94/06 —Retningslinjer og generelle vilkår for utnytting av vassfall i Suldal kommune.

Vurdering og konklusjon

Tidlegare er det godkjent bygging av 3 små kraftverk i Hamrabø, korav 2 er bygde: Eit på Tveit i Hamrabøåna og eit på Havrevoll i sidevassdraget Havrevollbekken. Det er gitt løyve til bygging av eit kraftverk på Austarå, i Hamrabøåna, men dette er ikkje bygd. I kommunestyrevedtaket 94/06 heiter det i pkt. 1.1.6. "Ein må ta særleg omsyn til utforming i verna vassdrag og i område der kulturlandskap eller naturkvalitetar er viktige." Rådmannen viser til det kommunen administrativt uttalte til planane for utbygging i Tverråna i 2005. Rådmannen finn det vidare nærliggjande å sjå denne søknaden på lik linje med søknaden om å byggja Havrevoll Mikrokraftverk. Også dette kraftverket nyttar fallet i eit sidevassdrag til Hamrabøåna, berre på motsett side av åna. Her uttalte kommunen:

"Suldal kommune vil pressisera at me meiner at omsøkte mikrokraftverk ikkje berører allmenne interesser i ei slik grad at konsesjonsbehandling er naudsynt. Me vil påpeika at verneverdiane i Hamrabø er sterkt knytta til aktiv bruk av kulturlandskapet. Omsøkte mikrokraftverk kan bidra til framleis busetnad i bygda og dermed også framtidig vedlikehald av dette verdifulle landskapet. Dette er også i tråd med grunnlaget for det opprinnelege vernevedtaket. Vidare ser Suldal kommune på kraftverk av denne storleiken, og som ligg nært innåt gardsbruk, som ein naturleg del av verdiskapinga i

landbruket. Det vidarefører den tradisjonelle utnyttinga av vassfall nær gardar som ein for m.a. fann som møller eller sagbruk"

Rådmannen meiner at det som vart sagt om kraftverket på Havrevoll også kan seiast om dette som er planlagt i Tverråna. Det førstnemnde vart ferdig i 2010, og inngrepa ved det er knapt synlege. Etter rådmannens syn vil inngrepa i Børkjenes om muleg bli endå mindre. Inntaket vil medføra eit skånsomt teknisk anlegg i Tverråno, på ein lokalitet som ikkje er synleg frå nokon stad i Hamrabøgrenda der folk flest ferdast. Det trengst ikkje byggjast nye vegar. Røyrsgata vil i sin heilhet bli nedgroven i eit ikkje særleg bratt terreng, rikt på lausmassar, og kor brorparten er innmark (beite). Kraftstasjonen kan lett tilpassast dei mange husa i tunet, forutsett godt tilpassa byggeskikk. Det må stillast strenge krav til støydemping sidan kraftstasjonen ligg så sentralt i grenda, nær bustader.

Ut frå dette tilrår rådmannen at kommunen gir positiv fråsegn til planane for Tverråna minikraftverk, men med strenge vilkår om landskapstilpassing, tilbakeføring, byggeskikk, støydemping."

Fylkesmannen i Rogaland uttalar i brev av 16.9.2011:

"(...)

Planlagt tiltak og status for området

Berørt vannstreng er 860 meter frå Listøl og ned til Hamrabø. Slik vi forstår det er vassuttaket moderert i høve til opprinnelig søknad. Det er imidlertid uklart kva deler av teksten som gjeld gammal og ny versjon. Middelvassføring er på grunnlag av data frå det tilgrensande feltet Grimsvatn rekna til 540 l/s. Planlagt maksimal slukeevne ved kraftverket er 200 l/s, dvs 37 % av middelvassføringa. Minste slukeevne er 20 l/s. Planlagt minstevassføring varierer gjennom søknaden, men i dei fleste tilfelle sett til 15 % av middelvassføringa, dvs 80 l/s.

Tverråna er del av Hamrabøvassdraget 036/1, og blei varig verna mot kraftutbygging gjennom verneplan IV. Verneplanen og Samla plan vart handsama av Stortinget i 1993. Tverråna er den største sideelva i Hamrabøvassdraget sitt nedbørsfelt, og delfeltet har den største innsjøen i vassdraget. Vernegrunnlaget var at dette vassdraget var urørt i ein region sterkt prega av utbygging. Fylkesmannen har ved fleire høve påpeikt at den samla aktiviteten i feltet — både aktivitet som skal regulerast direkte gjennom vassressurslova, og aktivitet som skal regulerast av RPR-VV gjennom bruk av jordlova - etter kvart forringar verneverdiane.

Vurdering av prosjektet sin verknad på biologisk mangfald

Det enkeltfunnet som peikar seg ut i naturtypekartlegginga er bekkekjøfta omtalt i Ambiorapport 25637-1, side 15. Dei finaste og største bekkekjøftene i Rogaland finn vi i Suldal og Forsand. Vegetasjonen i bekkekjøfta har ein gradient med rike botaniske forekomstar i nedre del og mindre kalkkrevande artar i øvre del. Dette er eit typisk trekk ved slike lokalitetar, sjå td. Artsdatabankens "Miljøforhold og påvirkninger for rødlistearter" 2010, side 94-96. I botnen av bekkekjøfta finn ein ei rekke nærings- og kalkkrevande artar, inkludert bergfrue og junkerbregne. Små skortemose er ein svært sjeldan art i fylket. Funn av mindre vanlige artar som bergrotmose og krattfagermose viser at lokaliteten har ein rik flora og godt potensiale for nye funn. Vi vil understreke at det er behov for spesiell kompetanse både ved innsamling og artsbestemmelse for å gjere ei fullstendig botanisk inventering og verdivurdering av slike bekkekjøfter. Dyrelivet i bekkekjøfter er generelt lite kjent.

Lokaliteten er ihht. oppdatert DN håndbok 13- 2007 verdivurdert som B-område, dvs (regionalt) viktig. Dette stemmer godt med føringane i handboka, der kravet er at bekkekjøfta

skal ha god kontinuitet og variasjon. A-status (nasjonal verdi) er stort sett forbeholdt svært store bekkekløfter i urskognære miljø.

Artssamfunnet i bekkekløfta er eit resultat av både geologi, lysforhold og luftfuktighet. Suksessjonen i slike i naturtypar er resultat av ras og flaum. Det er ikkje kjent kva grenseverdiar (vassføring- og mønster) dei enkelte artane i bekkekløftene har for overleving. Det er derfor vanskelig å tilrå konkrete avbøtande tiltak.

Friluftsliv

Området er lite tilrettelagt for friluftsliv. Dette er eit særtrekk som kan stenge området for enkelte brukargrupper, og gjere det attraktivt for andre. Tverråna er ein av innfallsportane til Tverrhei og Roaldsnuten, med turtrasear til andre kulturhistorisk viktige stader som Klungtveit og Lingvong. Hamrabø/Tverråna er ein av få innfallsportar til Skaulen som ikkje er prega av større utbyggingsprosjekt. Heiområdet mellom Saudafjorden, Hylsfjorden og Hamrabø vart i 2009 vurdert å ha svært stor verdi som typeområde. Verdivurderinga vart gjort før utbygging av Maldal, Sagåna, Tengesdal og Lingvong (Vakre landskap i Rogaland, Rogaland fylkeskommune 2009).

Samla verknad av inngrepa - tilhøvet til verneplan og naturmangfoldlova

I dette beskjedne nedbørsfeltet, varig verna mot utbygging ved ei konkret vurdering i høve til Samla plan i 1993, er det no bygd tre kraftverk; Hamrabø I (same tiltakshavar, søkt utvida 2006), Havrevoll og Austarå. Ytteligare to er omsøkte, Tverråna og Hamrabø II (same tiltakshavar og same lokalisering av kraftstasjon). Det er heilt nødvendig for å ivareta verneverdiane at dei utførte og omsøkte tiltaka vert vurdert i samanheng. NVE i si beslutningstaking må derfor særskilt ta stilling til den samla effekten kraftverka har på verneverdiane i Hamrabøvassdraget, jf naturmangfoldlova § 10. Fylkesmannen meiner vidare at verknaden av den omfattande vegbygginga- som i enkelte tilfelle er forløpar for planlagte kraftverksprosjekt- må vere eit moment i saksgangen. Det har dessverre vore store INON-bortfall i Hamrabøområdet dei siste åra, og det er viktig at dette ikkje blir brukt som spydspiss for å redusere verneverdiane ytterlegare.

Konklusjon

Det omsøkte prosjektet truar ei bekkekløft med regional verdi. Bakgrunnen for vern av Hamrabøvassdraget var ma. vassdraget sitt urørte preg i ein region sterkt merka av vassdragsutbygging. Dette argumentet er etter vårt syn ytterligare forsterka etter Saudautbygginga. Vi oppfattar det slik at dei mange små og store inngrepa i Hamrabøvassdraget i sum uthôlar verdiane vassdragsvernet skal ivareta. **Fylkesmannen rår derfor ifrå konsesjon til Tverråna kraftverk.**

Rogaland fylkeskommune fatta følgjande vedtak 4.10.2011:

"Rogaland fylkeskommune går inn for at det gis konsesjon for bygging av Tverråna minikraftverk som beskrevet i søknad av juli 2011 på følgjande vilkår:

- Rapporten om biologisk mangfold må oppdateres i forhold til justert søknad for eventuell konsesjon gis.
- Inngrep i forbindelse med dambygging og nedgraving av rørgate må utføres på en skånsom måte med god landskapsmessig tilpasning.
- Ved utforming av kraftstasjonen oppfordres det til at tiltakshaver tar hensyn til den omkringliggende bygningsmassen.

Rogaland fylkeskommune forutsetter at kulturminneinteressene ivaretas i samsvar med bestemmelsene i Kulturminneloven, jf. saksforelegget.”

I saksforelegget står det bl.a.:

”(…)

Biologisk mangfold - Det biologiske mangfoldet i og ved Tverråna vurderes å være relativt representativt for distriktet. Deler av elva ligger imidlertid i en bekkekløft (viktig naturtype) som fremheves som viktig. Her er det stort arts mangfold, spesielt av moser. Utbygging av Tverråna vil medføre at bekkekløften og tilhørende arts mangfold blir redusert i verdi og virkningene vurderes til å bli minst middels negative. Utbyggingen vil ellers ikke ha store negative virkninger for det biologiske mangfoldet i området, men noe forstyrrelser av viltet må forventes. Det er egnede hekkebiotoper for fossefall i Tverråna. Samlet konfliktnivå for biologisk mangfold er satt til middels/lite (-2/-1).

Landskap - I øvre del av tiltaksområdet består området av glissen, mindre produktiv skog, mens nedre del består av kulturbeite. Rørgaten vil bli nedgravd og tilsådd slik at traseen etter hvert vil bli tilgrodd og lite synlig i terrenget. Selve kraftstasjonsbygningen vil bli et tilbygg til nåværende garasje og en del av eksisterende bygningsmiljø.

Fisk og ferskvannsbiologi - Den planlagte berørte elvestrekningen vurderes å ha liten eller ingen betydning for fisk. Ingen lokaliteter fremheves spesielt, men elva har trolig en viss betydning for nedslippsfisk og som leve/gyteområde for den lokale bestanden ved Hamrabø. Konfliktnivået vurderes til lite (-1).

Friluftsliv og reiseliv - Området blir i dag brukt av fotturister hele året, men søknaden gir ikke opplysninger om omfanget.

INON - Inngrepsfrie områder vil ikke bli redusert da det nylig har blitt bygget en skogsvei i samme område.

Forholdet til verneverdier - Tverråna ligger i et vassdrag som er varig vernet mot kraftutbygging og dette betyr at virkningene av enhver utbygging i vassdraget må veies i forhold til verneverdiene i vassdraget. I en utredning av verneverdiene er elvegjelet ved Tverråna ikke inkludert. Derimot er det inkludert tre andre områder for biologisk mangfold, hhv. med lokal (to planteområder) og regional verdi (kulturlandskapet ved Hamrabø). Elvegjelet ved Tverråna vurderes å ha middels verdi. Med grunnlag i stort artsutvalg, forekomsten av en del sjeldne mosearter, samt et visst potensial for funn av andre sjeldne planter, vurderes lokaliteten å ha regional verdi. Med utbygging av Tverråna vil lokaliteten bli redusert i verdi, men de fleste av de sjeldne artene knyttet til gjelet forventes ikke å utgå.

Kulturminner - I området er det ikke påvist synlige automatiske freda kulturminner, men på tunet er det tidligere funnet et leirkar, samt en brynestein som kan skrive seg fra gravminner fra jernalder. Sørvest for tunet er det også funnet en ringnål fra vikingtid, også denne kan stamme fra grav. Svært mange av bygningene på tunet er SEFRAK-registrert. De aller fleste er B-objekter, men her finnes også A-objekter. Potensialet for automatisk freda kulturminner i den planlagte røtraseen vurderes som lavt. I området ved tunet og der kraftstasjonen er planlagt, anses det også at potensialet er lavt pga nyere tids inngrep.

(…)

Fylkesrådmannens vurdering

Fylkesrådmannen legger til grunn at det er et nasjonalt mål å utnytte energiresursene i små vassdrag dersom de miljømessige ulempene ikke er for store – og at prosjektene har en klar positiv virkning for lokalsamfunnet. Dette er også i tråd med målsettinger og føringer i Regionalplan for energi og klima i Rogaland.

Konfliktnivået er middels/lite negativt for alle temaene.

Selv om omsøkt prosjekt ikke innebærer verken store neddemninger/reguleringer eller overføring av vann mellom vassdrag, viser konsesjonssøknaden at tiltakene framstår med noen negative miljømessige virkninger. Den mest fremtredende negative konsekvensen på biologisk mangfold er bekkeløften som er i verdikategori B, altså "viktig" og med middels verdi.

Tverråna er en del av et varig vernet vassdrag. I rapporten "Verdier i Hamrabøvassdraget i Suldal kommune i Rogaland" ugitt av DN, NVE og Fylkesmannen i Rogaland (VVV-rapport 2000 -3) står følgende:

"Hamrabøvassdraget er verna som eit typevassdrag. Dette vil sei at vassdraget er utan særlege tekniske inngrep, og det er av ein slik storleik at det representerer eit landskapsbilete og flora/ fauna som er typisk for regionen. Måla for forvaltninga i dette området vil vera å ta vare på landskapsbiletet, og sørgje for ei streng vurdering når det gjeld direkte inngrep som påverkar elveleiet sine hovudformer."

I St. prp. 118 (1991- 92) er verneføremålet begrunna slik:

"Kontaktutvalget viser til at vassdraget er velegnet for tradisjonelt friluftsliv sommer og vinter, og kulturminnene er rike. Kraftressursene sees særlig i forbindelse med en opprustning og utvidelse av Saudaverkene. Nedbørfeltet er del av et større uberørt område i en region preget av kraftutbygging, og vassdraget har stor typeverdi."

Det er allerede blitt bygget ut og gitt tillatelser til flere mindre kraftverk i Hamrabøvassdraget. I denne aktuelle søknaden opplyses det om at Marit og Jarle Tveit også søker om mikrokraftverk i Hamrabøåna i egen søknad. Fylkesrådmannen ser det som uheldig at disse søknadene ikke behandles samtidig og sees i sammenheng. Ett enkelt kraftverk gir isolert sett ikke nødvendigvis store negative konsekvenser, men samlet sett kan flere mindre kraftverk gi en stor effekt på vassdraget og forringelse av verneverdier. Det er derfor viktig å se alle disse inngrepene under ett for å vurdere sumvirkningene av en bit for bit utbygging. Dette bør være spesielt viktig sett i lys av at Hamrabøvassdraget er et vernet vassdrag.

Det påpekes i søknaden også at rapporten for biologisk mangfold ikke er blitt oppdatert etter at ny rørrase er blitt valgt. Fylkesrådmannen ber om at det stilles krav til ny utredning for søknaden sluttbehandles.

Når det gjelder utformingen av kraftstasjonen, valg av materialer og lignende, oppfordrer vi tiltakshaver til å ta hensyn til den omkringliggende bygningsmassen.

Det understrekes også at selv om det per i dag ikke kjennes legalfredete kulturminner i planområdet, må eventuelle funn ved gjennomføringen av planen straks varsles Rogaland fylkeskommune, og at alt arbeid stanses inntil vedkommende myndighet har vurdert/nærmere dokumentert funnet, jf. Lov om kulturminner § 8,2. ledd. Det anmodes også om at en tar hensyn til eventuelle kulturlandskapselement i området dersom tiltaket gjennomføres."

Statens vegvesen i brev av 10.8.2011 har ingen merknadar til søknaden så lenge anlegget ikkje påverkar Riksveg 13.

Kystverket i brev av 22.8.2011 har ingen merknadar til etablering av Tverråna minikraftverk

Suldal Elverk uttalar i brev av 26.6.2011 at dei har kapasitet på eksisterande 22 kV nett til å kople til kraftverket og at kraftverket må dekkje alle kostnader i samband med nettilknytning, men har elles ikkje andre merknadar.

Søklar sine kommentarar til høyringsuttalane

Søklar har i brev av 25.11.2011 kommentert dei innkomne høyringsuttalane slik:

"Vi er glade for at dei fleste utsegna støttar bygging av Tverråna kraftverk.

I svaret frå Rogaland Fylkeskommune vert fyljande nemnt i vedtaket:

"Rapporten om biologisk mangfold må oppdateres i forhold til justert søknad for konsesjon kan gis"

Under arbeide med den siste konsesjonssøknaden vart det, etter pålegg frå NVE, teke omsyn til dette. Den opprinneleg AMBIO rapporten datert 23 juni 2009 er korrigert og det er utarbeida nye AMBIO rapporten som er dat. januar 2011. Denne er vedlagt konsesjonssøknaden. Vi meiner soleis å ha tilfredsstilt dette punktet i Rogaland Fylkeskommune sitt tilsva.

I uttale frå FYLKESMANNEN I ROGALAND er vi skuffa over at han rår ifrå konsesjon.

PLANLAGT TILTAK OG STATUS FOR OMRÅDE.

Det synes som Fylkesmannen legg lite vekt på endringane i den nye konsesjonssøknaden.

Det som er radikalt endra i denne, i høve til ein tidligare søknad, er at røytraseen er lagt totalt om. Denne nye søknaden viser at ein ikkje rører bekkeløft/vasstreng. Den planlagde vegutløysinga i denne kløfta er også fjerna. Vassdragsutbygginga er ikkje berre "moderert" i forhold til opprinneleg søknad men er total nykonstruert, som søknaden viser.

Grunnen til omlegginga var for å spara verneverdiane som er framheva for bekkeløfta og /kløv- og bufeveg m v. Vegen kan nå nyttast urørt til turveg. Frå denne vegen/ turstien vil ikkje noko av kraftutbygginga syne. Alle kulturobjekta nede ved gardstunet vil heller ikkje bli påverka.

Av same grunn som nemnt ovanfor auka vi minstevassføringa til 15 % av middelvassføringa, dvs 80 l/s og effekt til 200 kW. Tidligare plan var 54 l/s og effekt på 306 kW.

Endringa vart gjort for å etterkoma verneinteressene ytterligare. Ei minstevassføring på 80 l/s er ganske mykje vatn. Med slik minstevassføring har vi grunn til å meine at elva, i lange tider i turrare periodar, vil ha mindre normal vassføring enn 80 l/s. Og med maks slukeevne 200 l/s vil ein såleis berre nytte litt meir enn tredjedelen av middelvassføringa. Her vil så mykje vatn fylgja opprinneleg bekkeleie at bekken vil for det meste synas urørt.

Det er å produsere eigen straum til våre to gardsbruk som har største verdi. Det vil bli forholdsvis mindre sal av straum på grunn av høg minstevassføring, og ein vil la nytta forholdsvis liten del av middelvassføringa til straumproduksjon.

VURDERING AV PROSJEKTET SIN VERKNAD PÅ BIOLOGISK MANGFALD

Ein viser til at bekkekløfta i sin heilhet vert urørt med den nye planlagde traseen for røyrkata i søknaden. Sjå AMBIO rapporten side 16. "Elvestreng og bekkeløfta"

I neste avsnitt er "Traseen for røyrkata" omtalt. Der er det sagt at den nye rørgatetraseen har ein heilt anna artsmangfold enn det som er knytta til bekken og bekkekløfta. Her er litt myr, bjørkeskog morenemasse og beiteland. Etter utbygging og gjengroing vil inngrepa ikkje synast.

Konklusjon i tabell 5.1 viser berre middels og lite negative konsekvensert med ei utbygging. Når bekkekløfta i tillegg nå vert urørt med den nye røyrtraseen og vasstilgangen i bekkekløfta er større enn første planlagde samt at ein ikkje treng bygge veg, vert konsekvensane minimale.

FRILUFTSLIV

Med dei forholdsregler som er teke med i søknaden så vil ikkje Tverråna kraftverket synes visuelt bortsett for et lite inngrep ved inntaket som blir delvis skjult, og sjølv kraftverksbyggingen. Denne kraftutbygginga vil såleis ikkje ha verknad for friluftslivet.

Det er langt på veg feil at Tverråna er ein av inngangsportane til Tverrhei, Roaldsnuten, Klungtevit, Lingvong og Skaulen. Trafikken til heile område fylgjer vegar og stiar langs Hamrabøåna. Det er sjeldne unnatak ein turgåar fylgjer Tverråna. Suldal Kommune har laga parkeringsplass på øverste eigendomen i Hamrabøgrenda. Dette er med å kanalisera turisttrafikken til fjellområda langs Hamrabøåna og tilstøytane vegar og turstiar.

SAMLA VERKNAD AV INNGREPA· TILHØVET TIL VERNEPLAN OG NATURMANGFOLDLOVA

Her må det ha kome inn nokre feile opplysningar. Pr i dag er det 2 mikrokraftverk som er bygd. Det er Hamrabø 1 og Havrevoll kraftverk. I tillegg kjem søknaden vår som omhandla Tverråna minikraftverk som er eit fellesprosjekt mellom 2 gardar (søklarane).

Skal Hamrabø 1 utvidas/byggjast så må dette bli i samråd med Jarle Tveit då han eig 50 % av fallretten i elva. I dag er dette lite aktuelt. Ein tidligare søknad frå oss om Hamrabø 2 er heller ikkje aktuell i dag. Eit kraftverk i Hamrabøåna, Austarå nedanfrå grenda som vart godkjent for utbygging i 2005 er ikkje bygt.

Får vi konsesjon på Tverråna kraftverk så blir det totalt 3 mikrokraftverk i grenda som alle er sers skånsame prosjekt.

Med omsøkt utbygging vil alle grunneigarane som bur i Hamrabøgrenda ha sitt eige mikro/minikraftverk. Dette aukar livsgrunnlaget på bruka, samstundes som dei tar nytta noko av resursgrunnlaget på eigedomane sine slik det har vore gjort frå gammal tid.

Vi vonar at våre argumenter, med dei ubetydelege inngrepa ved omsøkt kraftverk kan gi oss konsesjon."

Tilleggsopplysningar og kommentarar til desse

På bakgrunn av uttalar frå Fylkesmannen og at bekkekløfta i elva er vurdert regionalt viktig (B) blei det gjort ei tilleggsundersøking av biologisk mangfald med hovudvekt på lav og mosar i Tverråna etter pålegg frå NVE i etterkant av synfaringa sommaren 2012. Rapporten var utført av ØkoSøk ved Karl Johan Grimstad og var ferdig i september 2012 og deler av rapporten er å finne nedanfor.

"(...)

Av mer sjeldne og basekrevende arter som krusfellmose (*Neckera crispa*) fantes flere steder i kløften, videre, stor bergrotmose, (*Gymnostomum aeginosum*) lundveikmose (*Cirriphyllum piliferum*) og skjøytmose (*Preissia quadrata*). Den dype og skyggefulle bekkekløften med sine steile og dels mosegrodde bergvegger er et typisk voksested for flere fuktighetskrevende og rødlistede moser og lavararter. På de steile og utilgjengelige dels nakne bergveggene her, er det liten grunn til å tro at andre arter en de vi har påvist vokser der.

Vurdering av registrerte rødlistearter

Olivenfjelllav (NT) er ikke en spesielt fuktighetskrevende lavart og finnes ofte på åpne og eksponerte fjellvegger som her. En redusert vannføring vil neppe få negative konsekvenser for denne, for øvrig ble funnene gjort høyt oppe i de eksponerte bergveggene med unntak av et talli på en gammel selje nede i kløfta. Videre ble det påvist langt trollskjegg (VU) de fleste funnene av denne arten er gjort i tilknytning til eldre fuktige løv og granskoger, hogst antas som den største trusselen for arten. Eksponeringen og den dype kløfta bidrar imidlertid til at noe fuktighet opprettholdes selv med redusert vannføring, for øvrig er vannføringen i perioder lavere enn det som ville være naturlig med en minste vannføring i følge grunneier. Fuktighet fra selve elvevannet er derfor til tider lavt i kløfta, derfor noe usikkert om dette kunne påvirke arten i negativ retning."

Rapporten konkluderer med at det er ingen grunn til å endre verdivurdering (middels verdi) og konsekvensar (middels negativ konsekvens) gitt i rapporten om biologisk mangfold, men foreslår å la skogen stå som avbøtende tiltak.

Søkjar sende inn kommentar til tilleggsundersøkinga:

"Etter at vi mottok oppmodinga om tilleggsrapport med hovedvekt på lav og moser i Tverrelva, har sakkyndig ØkoSøk Karl Johan Grimstad, adr. 6063 Brandal utført tilleggsundersøkelse av bekkekløfta i Tverråna. Tilleggsrapporten er sendt NVE.

Vil i denne samanheng på ny vise til konsjesonssøknaden der ein berre nyttar ca ein tredjedel av middelvassføringa til produksjon. Og minste vassføring på 15 % ca 80 liter pr sek.

Dette er betydelig mykje vatn. Bekken vil med denne minste vassføringa ha vassstraum på bortimot 1 kubikkm. pr. 10 sek. Vi meiner difor at dette er langt på veg tilfredsstillande for å ta hensyn til ev. planter/ moser som måtte finnast i elva. Noko som for så vidt blir stadfesta av rapporten.

Når vassføringa i bekken kjem ned til 80 l.pr sek.stoppar ein kraftverket.

Verre er det når vass straumen i bekken er mindre enn minstre vassføringa på 80 liter i sek. Det er normalt at bekken har mindre vassføring i tørre periodar, ofte betydelig mindre, både sommar som vinter. Då kan vi snakke om uttørkingsproblemer for plantelivet i bekkefarete. Men dette er normalt, og vi kan ikkje gjera noko med det, og det er dette "normale" som er problemet, og skapar uttøking, ikkje minste vassføring på 80 l pr. sek.

I vassrike nedbørsperiodar, snøsmelting om våren, og sterk nedbør om hausten vil ein merka lite at vi nyttar 200 l pr sek til kraftverket. Det er i grunnen ein fordel å leia 200 l. pr sek utanom bekken, då ein er plagd med for mykje vatn og mykje steingang og flom. Elva er sers urolig p.g.a. stor vassføring og sterk staum i eit bratt elveleie. Den sterke straumen fører heile tida, spesielt i flaumperiodar at stein og grus fyller opp nederste delen av bekken med steinmasser som krev rydding i elveløp for ikkje å få flaumskader. Av nevnte grunn vert også

bekkefaret forholdsvis sterilt på grunn av stein som skurar alt reint. Vi vil meine at normale variasjonar i vassføringa utan kraftverk vil som oftast ha like stor innvirkning på totale vassføringa sett over tid, enn om eit lite kraftverk nytta ein brøkdelen av normal vassføringane.

Vonar NVE kan finna det rett å stetta denne konsesjonssøknaden.

Gardane på Hamrabø har alltid måtta nytte utmarksresursene for å kunne bu på denne staden. Eit lite kraftverk vil kunne gi kvar gard ei nettoinntekt oppmot 200,000,- kr. med dagens prisar. Dette vil vera avgjerande for å ha levebrød av garden og kunne bu der. Der er fire gardar på Hamrabø. To av desse har kvar sitt lite kraftverk, noko som har vesentlig betydning for gardsdrifta deira. Hadde Jarle og Marit Tveit, samt Anita og Vidar Austerå som her søker i fellesskap konsesjon for Tverråna Minikraftverk fått innvilga sin søknad så hadde alle oppsitjarane på Hamrabø vore sjølbera med straum, samt fått straum til sal som igjen hjelper gardsdrifta økonomisk. Det er å merka at sistnevnte grunneigarar har størst kraftpotensiale iblant eigendomar på Hamrabø. Alternativer kan lett bli redusert drift, seinare nedlegging av gardsdrifta, så fråflytting, og deretter går grenda over til villmark att.

Tileggsrapporten som er tilsendt NVE kan ikkje vi sjå som svekking av søknaden."

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) sine merknader

Om søkjar

Søkjarane er Jarle og Marit Tveit, grunneigarar av gnr. 49 brn. 1 og Vidar og Anita Austarå, grunneigarar av gnr. 52 brn. 1. Begge er fallrettshavarar, bur i Hamrabø og driv gardsbruka.

Formålet med ei utbygging er å utnytte naturressursgrunnlaget på landbrukseigedomane.

Om søknaden

Det vert søkt om løyve etter vassressurslova § 8 og energilova for bygging og drift av Tverråna minikraftverk.

Skildring av området

Tverråna er ei sideelv som renn frå vest til hovudelva Hamrabøåna. Hamrabøåna drenerer den austlege delen av plataet mellom Saudafjorden og Suldalsvatnet, og har utløp i Suldalsvatnet ved Lali om lag 68 moh. Hamrabøvassdraget ligg på nordsida av Suldalsvatnet og er verna. Dei viktigaste sidebekkane nedover vassdraget er ein bekk frå Holmavatnet med innløp i Kilavatn og Havrevollsbekken i frå aust, og Tverråna i frå vest. Dei to siste har innløp ved Hamrabø, som ligg på ein terrengavsats på ca 300 - 400 moh., den høgstliggande grenda i kommunen.

Nedslagsfeltet for Tverråna minikraftverk omfattar totalt 6 km², frå vel 1000 moh. til ca. 475 moh. Tverråna ligg i eit relativt brattlendt område ovanfor vestsida av Suldalsvatnet.

Omsøkte tiltak ligg i eit skogs- og beiteområde mellom kote 475 og 290. Tverråna renn gjennom ei markant bekkekløft som tek til omtrent midtvegs på elvestrekninga som får fråført vatn og sluttar like ovanfor gardstunet ved Hamrabø. Tverråna sluttar seg til Hamrabøåna ved Hamrabøgrenda der kulturminne knytt til tradisjonell gards- og utmarksdrift er svært rike.

Rørtraseen går gjennom glissen skoggrunn og myrlendt terreng øvst oppe og går vidare gradvis over i beitemark. På eigedomen har søkjar laga jordbruksvegar parallelt med der rørtraseen er tenkt plassert.

Eksisterande inngrep i vassdraget

I hovudelva Hamrabøåna står Hamrabø mikrokraftverk som vart satt i drift i 1996 med inntak på kote 415 og utløp på kote 345 ved gardsbruket på Tveit i Hamrabø. Det er ikkje krav om slepp av minstevassføring for kraftverket. Lengre nedanfor kjem det inn ei sideelv frå aust, Havrevollsbekken, der Havrevoll mikrokraftverk er bygd med inntak på kote 600 og utløp på kote 317. Lengre nede i Hamrabøåna vart Austarå mikrokraftverk vurdert konsesjonsfritt av OED i 2005, men denne hadde byggjefrist 20. april 2010 og vurderinga er ikkje lenger gyldig. Ei bru over Tverråna sørgjer for tilkomst til gnr. 49 brn 1. I følgje ein rapport om verdier i Hamrabøvassdraget (VVV-rapport 2000-3) er det òg eit drikkevatn- og jordvatningsinntak i Tverråna.

Teknisk plan

Reguleringar/reguleringar

Omsøkte tiltak omfattar ikkje reguleringar eller overføringar.

Inntak

Inntaket er planlagd utforma med ein dam på kote 475 med største høgde 2 m. Lengde er ikkje oppgitt. På synfaring vart det forklart at elveløpet må utvidast mot aust av omsyn til å etablere eit basseng for

stillestående vatn og bygging av inntaksarrangement for rørgata. Vidare står det i søknaden om inntaket:

" Dette blir plassert i fangdam på kote 475 der ein lagar innretningar for sil, stoppekran, lufting og signalledning ned til kraftstasjonen. Dette vert plassert i ein betongkum laga av 1,60 m diameter betongringar, 2-2,5 m høg. Volum på fangdammen vil bli ca 5 m³ medan den naturlige kulpen som fangdammen står i vil være opp mot 50 m³ (Sjå vedlegg 4.)

Betongkummen med innhald vert plassert oppe i fangdammen som vert sikra med dam laga av stein/jordmasse i nedre kant. På inntakssida han sikra med større og mindre steinar som tillet nok vatn å nå silarrangementet. På innsida av kummen måleinnretning plassert med forbindelse til kraftverket som styrer vassbruken, og passar på vassføringa. Eit slikt vassinntak viser lite att i terrenget. Overflødig vatn renn over i høve til vassføringa, og den setting vi set på kraftverket. I botnen på kummen vert det uttak for minstevassføring som vert leia tilbake i elva."

Endeleg utforming av inntaket vert avklart i detaljplanfasen.

Rørgate

Frå inntaket på kote 475 vil rørgata følgje ei svakt hellande myr/moreneflate og fortsetje ned eit lite dalføre parallelt med vegen før den svingar litt sørover nedover i morenejord med mindre blanda skog og kratt. Røret vil deretter kome ut på beitemark for så å fylgje eksisterande skogsveg ned til kraftstasjonen på kote 290. Rørgata vert 950 m lang og skal vere nedgraven heile vegen. Rørgata består av ei plastleidning med tverrmål 400 mm i den øvre delen og 350 mm i den nedre delen.

Kraftstasjon

Kraftstasjonen vert bygd som ei forlenging av garasjen til gnr. 49 bnr. 1 aust for Tverråna på kote 290. Grunnflata er ikkje oppgitt. Avløpet vert ei ca. 5 m lang støypt renne eller rør tilbake i Tverråna like før samløpet med Hamrabøåna. Det er planlagt to Pelton turbinar med 100 kW installert effekt på kvar, spenning på 690 volt og ei maksimal slukeevne på 200 l/sek til saman.

Elektriske anlegg

I søknaden er det lagt opp til at områdekonsesjonær vil byggja ny nettstasjon med høgspenntransformator i huset til kraftverket. Dersom dette vert løysinga treng ein ikkje eigen transformator eller kabel for kraftverket. Dersom dette ikkje vert aktuelt må ein strekke 80 m kabel eller luftlinje til eksisterande kraftlinje med spenningsnivå 22 kV og ein passende transformator vert plassert i anlegget.

Vegar

I følgje søknaden skal det ikkje verte laga nye vegar, då eksisterande jordbruksvegar i stor grad fylgjer planlagt rørgatetrasé. Ut i frå kart er det ikkje veg dei siste 200 metrane fram til inntaket frå eksisterande skogsveg og det vil vere behov for tilkomst til inntak og eit kort nytt strekk med veg må byggast.

Massetak og deponi

Det er ikkje planlagt massetak eller deponi. Ev. overskotsmassar i samband med rørgata vert plassert tilbake, jamna ut og tilsådd.

Hydrologisk grunnlag

Kraftverket nyttar eit nedbørfelt på 6,1 km² ved inntaket og middelvassføringa er berekna til 540 l/s. Effektiv innsjøprosent er på 4,4 % og det er ingen brear i nedbørfeltet. Avrenninga er nokså stabil frå år til år med dominerande vårflaumar og nokre haustflaumar. Lågaste vassføring opptre gjerne om vinteren. 5-persentil sommar- og vintervassføring er berekna til høvesvis 74 og 32 l/s. Alminneleg lågvassføring for vassdraget ved inntaket er berekna til 34 l/s. Maksimal slukeevne i kraftverket er planlagt til 200 l/s og minste slukeevne 20 l/s. Det er foreslått å sleppe ei minstevassføring på 80 l/s heile året. Dette vil medføre at om lag 21 % av tilgjengelig vassmengde vert nytta til kraftproduksjon.

NVE har kontrollert det hydrologiske grunnlaget i søknaden. Vi har fått nokre avvik i forhold til søkjar sine berekningar. Tala som er oppgitt i søknaden varierar og vi har brukt dei tala i søknaden som ligg nærast opp til våre egne berekninga. Sannsynlegvis er 5-persentilen sommar noko overestimert.

Alle berekningar på basis av andre målte vassdrag vil ved skalering til det aktuelle vassdraget vere hefta med feilkjelder. Dersom spesifikt normalavløp er berekna med bakgrunn i NVE sitt avrenningskart, vil vi påpeike at desse har ei usikkerheit på +/- 20 % og at usikkerheita er størst for små nedbørfelt.

Produksjon og kostnader

Søkjar har berekna gjennomsnittleg kraftproduksjon i Tverråna minikraftverk til ca. 1,15 GWh fordelt på 0,45 GWh vinterproduksjon og 0,70 GWh sommarproduksjon. Byggjekostnadane er estimert til 2,7 mill. kr. Dette gjev ein utbyggingspris på 2,34 kr/kWh.

NVE har kontrollert dei framlagte berekningane over produksjon og kostnader. Vi har ikkje fått vesentlege avvik i forhold til søkjar sine berekningar. Det vil likevel vere søkjar sitt ansvar å vurdere den bedriftsøkonomiske lønnsmda i prosjektet.

Arealbruk og eigedomsforhold

Areal som går med til dei planlagde inngrepa er i hovudsak skogs- og beitemark. Alle fall- og grunnrettane er eigde av tiltakshavarane.

Forholdet til offentlege planar

Kommuneplan

I arealdelen til kommuneplanen ligg prosjektområdet i eit LNF-område.

Samla plan (SP)

Vassdraget vart plassert i Samla plan kategori III (for prosjekt som ikkje var aktuelle for utbygging på grunn av svært stor konfliktgrad med andre brukarinteresser og/eller høge utbyggingskostnader). Sidan vassdraget så vart verna er det ikkje lenger ein del av SP-prosjekta.

Verneplan for vassdrag

Tverråna inngår i nedbørfeltet til Hamrabøvassdraget som blei verna i Verneplan IV i 1993.

I St. prp. 118 (1991- 92) er verneforemålet grunngjeve slik:

"Kontaktutvalget viser til at vassdraget er velegnet for tradisjonelt friluftsliv sommer og vinter, og kulturminnene er rike. Kraftressursene sees særlig i forbindelse med en opprustning og utvidelse av Saudaverkene. Nedbørfeltet er del av et større uberørt område i en region preget av kraftutbygging, og vassdraget har stor typeverdi."

At vassdraget er eit typevassdrag vil seie at vassdraget er utan særlege tekniske inngrep, og at det er av ein slik storleik at det representerar eit landskapsbilete og flora/fauna som er typisk for regionen.

Inngrepsfrie område (INON)

Prosjektet vil ikkje føre til reduksjon av INON område.

Nasjonale laksevassdrag

Vassdraget er ikkje eit av dei nasjonale laksevassdraga.

Andre verneområde

I følgje VVV-rapport 2000-3 vart utmarksområde i Hamrabøheia foreslått verna etter Naturvernloven som landskapsvernområde i fylkesplanen for kulturminne i Rogaland i 1992.

Eventuelle fylkesvise eller kommunale planar for småkraftverk

Suldal kommune vedtok 20. desember 2006 (saksnr. 94/06) retningslinjer og generelle vilkår for utnytting av vassfall i kommunen. I følgje retningslinjene må ein ta særleg omsyn til utforming i verna vassdrag, i område der kulturlandskap eller naturkvalitetar er viktige, og i område nytta til rekreasjon og fritidsføremål. Søknadar om utbygging i landskapsvernområde vil bli frårådde, det same vart diskutert om inngrep i verna vassdrag, men dette vart ikkje vedtatt. Retningslinjene kom i tillegg med generelle vilkår for kraftverk i kommunen. Vilkåra inkluderte slepp av minstevassføring, strenge krav til støydemping, og at sår i terrenget skal verte sådd att slik at naturleg vegetasjon skal dominere.

Verknader av tiltaket - fordelar og ulemper

Nedanfor har vi gjeve ei oversikt over kva NVE ser som dei viktigaste fordelane og skadane/ulempene ved den planlagde utbygginga:

Fordelar

- Prosjektet vil i følgje søknaden gje ca. 1,15 GWh i årleg fornybar energiproduksjon.
- Landbrukseigedomane utnyttar ein del av naturressursane som kan medvirke til vidare satsing i primærnæringa og dermed bidra til å oppretthalde busetnaden.
- Tiltaket vil gi skatteinntekter til kommunen.
- I anleggsperioden vil tiltaket bidra noko til sysselsetjing innan bygg og anlegg.

Ulemper

- Tiltaket vil medføre inngrep i eit verna vassdrag som er peika ut til å ha typeverdi og som ligg tett inntil eit særleg rikt kulturlandskap.
- Ei utbygging vil medføre redusert vassføring over ei strekning på 860 meter i Tverråna i store deler av året.
- Tiltaket vil innebære fysiske inngrep som kan medføre sår i terrenget. Dette gjeld spesielt for planlagd inntaksdam og rørgate.

NVE si vurdering

Søknaden gjeld utbygging og drift av eit minikraftverk i Tverråna, som er ei sideelv til Hamrabøvassdraget som er med i verneplan IV for vassdrag.

Dersom der skal verte gjeve løyve for å byggje nye kraftverk i verna vassdrag er det fastsett grense for at installert effekt ikkje skal vere større enn 1 MW. Vidare skal det ved ein konsesjon vere gjort ei vurdering av verdiane i vassdraget med grunngjeving for kvifor desse verdiane ikkje vært svekka, jf. vassressurslova § 35, post 5 og 8. Om desse krava er oppfylte skal vassdragsstyresmakta gjere ei vurdering av om fordelane av tiltaket er større enn ulempene for private og allmenne interesser slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. Det kan i så fall verte gjeve løyve i medhald av vassressurslova § 8. Til slikt løyve skal det stillast vilkår for utbygging og drift.

Hydrologiske verknader av utbygginga

I søknaden er det lagt til grunn ei maksimal slukeevne i kraftverket på 200 l/s eller om lag 37 % av middelvassføringa. Alminneleg lågvassføring er utrekna til 34 l/s medan 5-persentil vassføring sommar og vinter er høvesvis 74 og 32 l/s, der sommarvassføringa sannsynlegvis er noko overestimert. Det er planlagt å sleppe ei minstevassføring på 80 l/s heile året. Dette vil medføre at om lag 21 % av tilgjengelig vassmengde vert nytta til kraftproduksjon.

NVE ser det slik at det for verna vassdrag er spesielt viktig at vassuttaket vert vurdert i høve til elva sin karakteristiske avrenningsprofil gjennom året. Dei store flaumvassføringane blir i liten grad påverka av utbygginga, og i følgje søknaden vil det vere overløp over dammen 177 dagar i eit middels fuktig år. I 111 dagar vil vassføringa vere under summen av minste slukeevne og minstevassføring. Vassføringa vert difor for låg til at det kan produserast kraft, og heile tilsiget må sleppast forbi inntaket. Tilsiget frå restfeltet vil i følgje søknaden vere ubetydeleg ved kraftstasjonen, og NVE er einig i denne berekninga. Ut i frå vassføringskurvene før og etter utbygging vil Tverråna i stor grad behalde avrenningsprofilen etter ei ev. utbygging

NVE meiner på generelt grunnlag at i eit verna vassdrag bør det verte oppretthalde ei vassføring som sikrar at elva framleis står fram som eit hovudelement i vassdragsnaturen. Samstundes bør slukeevna i kraftverket ikkje vere større enn at det framleis vil vere lengre periodar med overløp på inntaksdammen. Vi meiner at omsøkt slukeevne og maksimal slukeevne sikrar ein viss variasjon i elva og ein del av vassdraget sin naturlege vassføringsdynamikk.

Vassdragsvernet

I St. prp. nr. 118 (1991-1992) er verneformålet grunngjeve slik:

"Kontaktutvalget viser til at vassdraget er velegnet for tradisjonelt friluftsliv sommar og vinter, og kulturminnene er rike. Kraft ressursene sees særlig i forbindelse med en opprustning og utvidelse av Saudaverkene. Nedbørfeltet er del av et større uberørt område i en region preget av kraftutbygging, og vassdraget har stor typeverdi."

For Tverråna minikraftverk er det lagt opp til ei relativt høg minstevassføring, og NVE vurderar det slik at planlagt bruk av vassressursen er forsvarleg innanfor ramma av det som kan akseptast i verna vassdrag. NVE legg her vekt på at verknader på vassføringsregime på utbyggingsstrekka ikkje vil vere større enn det som ofte vil vere resultatet av naturlege variasjonar i tilsiget frå år til år. Det er såleis NVE si vurdering at utbygging av det planlagde minikraftverket ikkje i nemnande grad endrar Hamrabøvassdraget sin verdi som typevassdrag.

Suldal kommune innførte differensiert forvaltning av verna vassdrag i kommunen i kommuneplan 1998-2010 i samsvar med Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag. Nedre delar av vassdragsstrengen, frå Suldalsvatnet til høgdekote 600, er landbruks-, natur- og friluftsområdet der klasse 2 føresegner gjeld. Det påverka vassdragsavsnittet, med inntak på kote 475, er dermed godt innanfor klasse 2 der det vert opna for inngrep som ikkje skjemma hovudtrekka i landskapet.

Kulturminne

Vektlegging av kulturlandskapet var eit viktig omsyn i grunngrjevinga for vern av Hamrabøvassdraget.

Suldal kommune, saman med Fylkesmannen i Rogaland, har på oppdrag frå DN og NVE laga rapporten "Verdiar i Hamrabøvassdraget" (VVV-rapport 2000-3). Dette var ein del av VVV-prosjektet (Verdiar i verna vassdrag) som hadde som formål å kartleggje og synleggjere verneverdiane i verna vassdrag. Hamrabøvassdraget er uvanleg rikt på kulturminne. I følgje VVV-rapport 2000-3 vart utmarksområdet i Hamrabøheia foreslått verna etter Naturvernlova som landskapsvernområde i fylkesplanen for kulturminne i Rogaland i 1992. Området utgjer eit samanhengjande utmarksområde med ei mengde kulturminne og bygningar som syner utmarksutnytting opp gjennom tidene. Området er ikkje eit landskapsvernområde per i dag.

I følgje fylkeskommunen er det ikkje registrert synlege automatisk freda kulturminne i området, men det er funne leirkar og brynestein som kan skrive seg frå jernalderen og svært mange av bygningane er SEFRAX-registrert. Potensialet for automatisk freda kulturminne i rørtrasé og kraftstasjonsområde vert vurdert som lågt av fylkeskommunen. Fylkesrådmannen understrekar at eventuelle funn under byggeperioden skal straks verte varsla til Rogaland fylkeskommune, og at alt arbeid vert stoppa til vedkomande myndigheit har vurdert funnet, jf. lov om kulturminne § 8, 2. ledd.

I følgje VVV-rapport 2000-3 *"er den største trusselen mot dei kulturhistoriske verdiane i jordbrukslandskapet knytt til nedlegging av bruka. Kulturlandskapet i Hamrabø er avhengig av skjøtsel frå landbruken."* Dette argumentet er brukt av Suldal kommune, søkjar og tidlegare av OED i andre saker i same vassdrag. NVE støttar denne vurderinga og har lagt avgjerande vekt på dette punktet i forhold til konsesjonsspørsmålet.

Friluftsliv

I følgje NOU 1991:12B om Hamrabøåna er området veleigna for tradisjonell bruk sommar og vinter, men med liten bruk. Nedbørfeltet er del av eit større samanhengjande heiområde med variert og særprega natur og er lite prega av teknisk inngrep. Innan regionen er det ikkje alternative områder med same kvalitet og friluftinteressene vart vurdert til å ha svært stor verdi. Fylkesmannen skriv i sin uttale at området er lite tilrettelagt for friluftsliv, noko som kan stenge området for nokre og gjere det meir attraktivt for andre. I følgje Fylkesmannen er Tverråna ein av innfallsportane til Tverrhei og Roaldsnuten, med turtrasear til andre kulturhistoriske viktige stadar. Hamrabø/Tverråna ein av få inngangsportar til Skaulen, den høgaste toppen i feltet, som ikkje er prega av større utbyggingsprosjekt. Søkjar er ueining i dette og meiner at den viktigaste innfallsporten til desse områda går langs Hamrabøåna.

På grunn av begrensa synlegheit av tiltak og at det ligg nokså nærme gardstun vurderar NVE tiltaket til å ha små konsekvensar for friluftsliv i anleggsfasen og neglisjerbare konsekvensar i driftsfasen. NVE har ikkje lagt avgjerande vekt på konsekvensar for friluftsliv i forhold til konsesjonsspørsmålet.

Tiltaket i forhold til urørtheit og samla belastning er diskutert nedanfor.

Biologisk mangfald

Fylkeskommunen kommenterte i sin uttale at rapporten om biologisk mangfald må verte oppdatert etter nyaste og gjeldande søknad. Dette hadde blitt gjort, men ved ein inkurie vart ein eldre versjon av biomangfaldrapporten basert på eit tidligare søknadsutkast sendt på høyring. Fylkesmannen påpeika det same under synfaringa, og fekk den nye versjonen oversendt like etter. NVE bad om kommentarar dersom dette fekk konsekvensar for konklusjonen. NVE har ikkje mottatt noko tilleggskommentarar og legg til grunn at Fylkesmannen framleis er imot ei utbygging.

Flora og fauna

Tverråna går gjennom ei bekkekluft med verdivurdering B (viktig) etter kriteriane gitt i DN-handbok nr. 13. Vegetasjonen i bekkeklufta har ein gradient med mindre kalkkrevjande artar i øvre del og rike botaniske forekomstar i nedre del. Der er artsutvalet variert og med innslag av ei rekkje nærings- og kalkkrevjande artar og velutvikla forekomstar av fuktigheitskrevjande mosar. Funn av minder vanlege artar syner at lokaliteten har ein rik flora og godt potensiale for nye funn. Fylkesmannen understreka i sin uttale behovet for spesiell kompetanse både ved innsamling og artsbestemming for å gjere ei fullstendig inventering av slike bekkeklufter. NVE var einige i denne vurderinga og sette derfor krav om ei tilleggsundersøking av lav og mosar i bekkeklufta. Under tilleggsundersøkinga i Tverråna vart det påvist to raudlista artar av mosar og lav, nemleg olivenfiltlav (NT) og langt trollskjegg (VU). Desse er ikkje direkte avhengige av vassføringa i elva og vil derfor sannsynlegvis ikkje verte negativt påverka av redusert vassføring i elva. Derimot er langt trollskjegg tilknytt skog. Leveområde kan dermed verte påverka ved hogst/skogrydding i tilknytning til ulike arealinngrep, som framføring av rørgata. Vi meiner derfor det bør leggst vekt på å minimalisere inngrepa i skog, om det vert gjeve konsesjon. Øvre delar av rørtraseen går gjennom minerotrof myr og bjørkeskog med triviell flora, medan dei nedre delane går gjennom gjødsla innmarksbeite og har truleg ingen spesiell verdi.

Det finst fossefall i heile Hamrabåvassdraget, og sjølv om arten ikkje blei registrert under feltarbeid er der eigna hekkebiotopar i Tverråna. Avbøtande tiltak som etablering av kunstige reirplassar ved inntak og/eller kraftstasjon har vist seg å kunne ha god effekt. Dette er pålegg som Fylkesmannen kan gje i medhald av standardvilkår dersom dei meiner dette er nødvendig. Dersom det i tillegg vert sleppt vassføring som kan ivareta næringsproduksjonen gjennom året, meiner vi at verknaden for fossefall i vassdraget på grunn av tiltaket er akseptabelt. Omsynet til fossefall vil vere eit av kriteria ved vår vurdering av størrelsen på minstevassføringa ved ein ev. konsesjon. Forholdet til fossefall vil uansett ikkje vere avgjerande for konsesjonsspørsmålet.

NVE har i si vurdering lagt avgjerande vekt på at med ei slukeevne på 37 % og slepp av minstevassføring på om lag 15 % av middelvassføringa vil konsekvensane for livet i bekkeklufta vere små. Elva vil framleis behalde sin naturlege variasjon i vassføring og inngrepet vil få avgrensa konsekvensar for naturmangfaldet i og ved elva dersom det vert gjeve løyve til ei utbygging som omsøkt.

Fisk og ferskvassbiologi

Ifølgje rapporten om biologisk mangfald er det lite eller heilt ueigna forhold for aure på planlagt påverka elvestrekning, med unntak av dei fyrste 300 metrane nedanfor inntaksdammen. Fylkeskommunen meiner at elva truleg har ei viss betyding for nedslippsfisk og som leve/gyteområde for den lokale bestanden av bekkeare ved Hamrabø, men vurderar konfliktnivået som lågt. NVE er enig i denne vurderinga og har derfor ikkje lagt avgjerande vekt på konsekvensar for fisk i vårt vedtak. Ved ein eventuell utbygging, må det verte sikra tilstrekkeleg stabil vassføring med formål å oppretthalde den lokale bestanden av bekkeare i Tverråna og Hamrabøåna.

Forholdet til naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova trådte i kraft den 1. juli 2009. Lova fastset forvaltningsmål for artar, naturtypar og økosystem, og lovfestar ei rekkje miljørettslege prisnipp, blant anna føre-var-prinsippet og prinsippet om økosystemforvaltning og samla belastning. Alle myndigheitsinstansar som forvaltar natur eller fattar avgjerder som har verknadar for naturen, må vurdere planlagde tiltak opp mot relevante paragrafer i naturmangfaldlova (nml.).

I følgje rapporten om biologisk mangfald vil naturtypen bekkekløft bli redusert i verdi gjennom kunstig påverka vassføring og ved at artsmangfaldet knytta til lokaliteten blir redusert. Den samla verknaden for bekkekløfta vert vurdert som middels negativ. Fylkesmannen er imot tiltaket blant anna fordi dei meiner at tiltaket truar ei bekkekløft med regional verdi. Grunna den avgrensa mengda fråført vatn vurderar NVE at funksjonar, struktur og produktiviteten i økosystemet i bekkekløfta vert ivaretatt i rimeleg grad (jf. nml. § 4). Dei to raudlista artane i influensområdet vert i følgje tilleggsrapporten ikkje direkte påverka av tiltaket og kjem derfor ikkje i direkte konflikt med § 5 i nml.

I følgje nml. § 8 skal offentlege avgjerder som påverkar naturmangfaldet så langt det er rimeleg byggje på vitskapleg kunnskap om bestandsituasjonen til artar, utbreiing og økologisk tilstand av naturtypar, i tillegg til effekten av påverknadar. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i eit rimeleg forhold til saken sin karakter og risiko for skade på naturmangfaldet.

Ambio AS har på oppdrag frå søkjar utarbeidd ein rapport som skildrar det biologiske mangfaldet i området. Rapporten baserar seg i stor grad på resultat frå feltkartleggjinga av biologisk mangfald den 13. november 2008 og relevante databasar. NVE har gjort søk i naturbase og artskart 5.12.12. Søk avdekka ikkje registreringar av nyare dato, utover dei som var omtalt i tilleggsrapporten. Rapporten frå Ambio AS følgjer NVE sin rettleiar frå 2007 "Dokumentasjon av biologisk mangfald ved bygging av småkraftverk". I kartleggingsarbeidet er Direktoratet for Naturforvaltning sine handbøker brukt, som oppgitt i NVE sin rettleiar. NVE har vore på synfaring i området saman med representantar for søkjarane, kommunen, Fylkesmannen, og Suldal Elverk. Etter påtrykk frå Fylkesmannen og NVE vart det utført ei tilleggsundersøking av lav og moser i bekkekløfta av Økosøk. Omtrent to tredjedelar av kløfta er tilgjengeleg og godt undersøkt.

Vi meiner at vurderingane som er gjort gjer at vi får ei god oversikt over dei konsekvensane tiltaket vil få for bekkekløfta, men det er usikkerheit knytt til verdien av det som vert påverka i dei utilgjengelege delane. Rørtraseen gjennom beitemark er ikkje undersøkt av biolog. Sjølv om det er mange trua artar knytt til kulturlandskap vil denne typen inngrep sannsynlegvis ikkje utgjere noko trussel, då det ikkje vert ei endring av arealbruk.

Sett under eitt meiner NVE at kunnskapsgrunnlaget, jf. nml. § 8, er godt nok for prosjektet, med unntak av dei utilgjengelege delane av bekkekløfta. Usikkerheita rundt artsmangfaldet i denne delen gjer at vi meiner at nml. § 9, føre-var-prinsippet, bør verte anvendt for denne lokaliteten. Etter vårt syn er likevel ikkje usikkerheita så stor at det er avgjerande for konsesjonsspørsmålet, men vi vil vurdere behovet og størrelse på minstevassføring som avbøtande tiltak dersom det vert gitt konsesjon til tiltaket.

Avbøtande tiltak og utforminga av tiltaket vil verte spesifisert nærmare i våre merknadar til vilkår dersom det vert gitt konsesjon. Tiltakshavar vil vere den som bere kostnadane av dette, i tråd med nml. §§ 11-12.

Samla belastning

Fylkesmannen viser til at det i dette lille nedbørfeltet er bygd tre kraftverk (Hamrabø I, Havrevoll og Austerå), og ytterlegare to er omsøkte (Tverråna og Hamrabø II). Etter det NVE kjenner til er det kun Hamrabø I mikrokraftverk og Havrevoll mikrokraftverk som er bygd i Hamrabøvassdraget. Austerå minikraftverk fekk konsesjonsfritak i 2005 av OED. Departementet omgjorde NVE sitt vedtak om konsesjonsplikt på grunnlag av at området ikkje var inngrepsfritt og at nedlegging av gardsdrift utgjorde den største faren for kulturlandskapet. Austerå minikraftverk er ikkje bygd og byggjefristen på 5 år er gått ut. Søknaden om Hamrabø II vart henlagt/trekt i 2007. Søknad om utviding og introduksjon av minstevassføring av Hamrabø I mikrokraftverk vart trekt av søkjar 16.1.2012.

Hamrabø mikrokraftverk har ei maksimal slukeevne på om lag 5,4 % av middelvassføringa og fråfører vatn på ei 385 m lang strekning (mellom kote 415 og 345), men har ikkje krav om minstevassføring. Dette kraftverket påverkar vassføringsdynamikken i hovudelva svært lite. Havrevoll mikrokraftverk har eit relativt stort slepp av minstevassføring på om lag 25 % av middelvassføring, men ei maksimal slukeevne på 50 % av middelvassføringa. Tiltaket fråfører vatn på ei 1160 m lang strekning mellom kote 620 og 317. Dette tiltaket har ei relativt stor slukeevne for å vere i eit verna vassdrag, men saman med ei høg minstevassføring meinte NVE at utbygginga ikkje ville ha negative konsekvensar for verneverdiane eller andre allmenne interesser i vassdraget.

Ved omgjerding av vedtak for konsesjonspliktavurdering av Havrevoll mikrokraftverk i brev per 8.11.2006 skreiv NVE at ein må vere svært varsame med å tillate ytterlegare inngrep på grunn av den samla belastninga på vassdraget. På dette tidspunktet var Hamrabø mikrokraftverk i drift og OED hadde gitt konsesjonsfritak for Austerå minikraftverk. Austerå minikraftverk har som nemnt ikkje blitt utbygd og byggjefristen er utgått.

Fylkesmannen påpeikar at det er den samla aktiviteten i feltet, både av aktivitetar som vert regulert av vassressurslova og av jordlova, som etter kvart forringar verneverdiane. Fylkesrådmannen påpeikar at det er uheldig at desse søknadane ikkje vart handsama samtidig, noko som sjølvstøtt hadde vore å føretrekke, men sidan søknadane kom inn med mange års mellomrom var dette ikkje mogleg. NVE har i vår vurdering sett på den samla belastninga av allereie utbygde og omsøkte kraftverk i Hamrabøvassdraget.

NVE meiner at utbygging av Tverråna minikraftverk som einskild prosjekt ikkje fører til negative verknadar som i vesentleg grad medverkar til å endre status for samla belastning i det aktuelle vassdragsavsnittet som Tverråna utgjør, men at tolegrensa for inngrep i Hamrabøvassdraget er svært nær. Ved ei eventuell utbygging av Tverråna minikraftverk meiner NVE at det, med grunnlag i gjeldande retningslinjer og forvaltningspraksis, vil vere rimeleg å konkludere med at dette er det siste prosjektet og at ytterlegare kraftutbygging i Hamrabøvassdraget vil vere svært vanskeleg å akseptere, jf. vassressurslova § 34 og § 35 post 5.

Oppsummering

Ei utbygging etter omsøkt plan vil gje om lag 1,15 GWh/år i ny fornybar energiproduksjon. Dette er ein produksjon som er vanleg for småkraftverk. Sjølv om dette isolert sett ikkje er eit vesentleg bidrag til fornybar energiproduksjon, så utgjør småkraftverk samla sett ein stor del av ny tilgang dei seinare år. Dei tre siste åra har NVE klarert om lag 1,9 TWh ny energi frå småkraftverk. Dei aller fleste prosjekta vil ha enkelte negative konsekvensar for ei eller fleire allmenne interesser. NVE meiner at så lenge desse interessene ikkje er av svært stor verdi eller dersom dei kan avbotast i tilstrekkeleg grad gjennom vilkår, så kan tiltaket få konsesjon. Dei konsesjonsgitte tiltaka vil vere eit bidrag i den politiske satsinga på småkraftverk, og på fornybar energi.

I eit verna vassdrag meiner NVE at den naturlege dynamikken med skiftande vassføringar er ein viktig del av elva sin eigenverdi. NVE legg vekt på at det er planlagt slepp av minstevassføring heile året som er høgare enn utrekna 5-persentil sesongverdiar ved inntakspunktet i Tverråna. Ei slik rikeleg minstevassføring, saman med ei dimensjonering av kraftanlegget som gir ei avgrensa slukeevne vil etter NVE si vurdering vere særskild viktig for å ta vare på verdiar knytt til naturmiljøet i og langs vassdraget og for oppleving av elva. Verneverdiane i vassdraget vert etter vår meining ikkje påverka i vesentleg grad. Tiltaket er derfor etter vårt syn ikkje i strid med vassressurslova § 35, post 8.

Inngrep for inntak, rørgate og kraftstasjon kan avdempast med avbøtande tiltak. Med god planlegging og oppfølging i byggjetida meiner NVE at tiltaket vil ha avgrensa negative verknadar for allmenne interesser. Utbygginga vil bidra til å oppretthalde busetnad på garden og dermed auke sannsynet for framtidig vedlikehald av eit verdifullt kulturlandskap.

NVE sin konklusjon

Etter ei heilskapleg vurdering av planane og dei føreliggande uttalane meiner NVE at fordelane av det omsøkte tiltaket er større enn skadar og ulemper for allmenne og private interesser, slik at kravet i vassressurslova § 25 og § 35, post 5 og 8 er oppfylt. NVE gjev Jarle og Marit Tveit og Vidar og Anita Austarå løyve etter vassressurslova § 8 til bygging av Tverråna minikraftverk. Løyvet blir gjeve på nærare fastsette vilkår.

Dette vedtaket gjeld berre løyve etter vassressurslova.

Forholdet til energilova

Jarle og Marit Tveit og Vidar og Anita Austarå har framlagt planar om installasjon av elektrisk høgspantanlegg som inneber at Suldal Elverk skal setje ein høgspenntransformator i kraftstasjonsbygget, ev. en 80 m lang kabel eller luftspenn til eksisterande linjenett.

Verknadene av linjetilknyttinga inngår i NVE si totalvurdering av planane, og er ikkje avgjerande for konsesjonsvedtaket.

Suldal Elverk er områdekonsesjonær og skal i følge søknaden stå for bygging og drift av anlegget. Vi finn det ikkje nødvendig med ein egen anleggskonsesjon etter energilova for høgspennetilknytting til 22 kV nett. Nødvendige høgspantanlegg, inkludert transformering, kan byggast i medhald av nettselskapet sin områdekonsesjon.

Dersom Jarle og Marit Tveit og Vidar og Anita Austarå ynskjer eigen anleggskonsesjon, må det sendast inn søknad om dette når eksakt storleik på elektriske installasjonar er klar. NVE kan då meddele eigen anleggskonsesjon for kraftverket.

Suldal Elverk har som netteigar og områdekonsesjonær kommentert linjetilknyttinga og påpeikt at Jarle og Marit Tveit og Vidar og Anita Austarå må betale anleggsbidrag for nødvendig opprustning av nettet i området basert på sin innmata effekt. Det er i følge Suldal Elverk kapasitet frå transformator og vidare i nettet.

NVE har ikkje gjort ei grundig vurdering av kapasiteten i nettet, og tiltakshavar er sjølv ansvarleg for at avtale om nettilknytting er på plass før byggjeart. NVE vil ikkje behandle detaljplanar for tiltakshavar har dokumentert at det er tilgjengeleg kapasitet og at kostnadsfordelinga er avklart. Slik dokumentasjon må føreligge samtidig med innsending av detaljplanar for godkjenning, jf. konsesjonsvilkåra post 4.

Merknader til konsesjonsvilkåra etter vassressurslova

Post 1: Slepp av minstevassføring

Følgjande data for vassføring og slukeevne er henta frå konsesjonssøknaden og lagt til grunn for konsesjon gjeve av NVE og fastsetting av minstevassføring:

Middelvassføring	l/s	540
Alminneleg lågvassføring	l/s	34
5-persentil sommar	l/s	74
5-persentil vinter	l/s	31
Største slukeevne	l/s	200
Største slukeevne i % av middelvassføring	%	37
Minste slukeevne	l/s	20

Tiltakshavar har foreslått slepp av minstevassføring på 80 l/s heile året. Høyringspartane har ikkje kommentert foreslått minstevassføring. Tilleggsrapporten om mosar og lav avdekka ikkje forhold som har konsekvensar for størrelsen på minstevassføring. Eksponeringa og den djupe kløfta bidreg til å oppretthalde noko fukt sjølv med ei redusert vassføring. I tillegg er 5-persentilen om sommaren sannsynlegvis noko lågare enn oppgitt. NVE meiner at saman med ei slukeevne på 37 % av middelvassføringa vil denne minstevassføringa sørge for at elva framleis har ein naturleg variasjon i vassføringa gjennom året. Ut i frå dette fastset NVE ei minstevassføring på 80 l/s heile året. Samla produksjon vil då bli på 1,15 GWh/år.

Det skal verte etablert ei måleinnretning for registrering av minstevassføring. Den tekniske løysinga for dokumentasjon av slepp av minstevassføring skal godkjennast gjennom detaljplanen. Data skal leggjast fram for NVE på førespurnad og oppbevarast så lenge anlegget er i drift.

Ved alle stadar med pålegg om minstevassføring skal det setjast opp skilt med opplysningar om bestemmingar kring slepp av vatn som er lett synleg for allmennheita. NVE skal godkjenne merking, utforming og plassering av skilta.

NVE presiserer at start-/stoppkøyring av kraftverket ikkje skal førekomme. Kraftverket skal køyrast jamt og i takt med tilsiget. Inntaksbassenget skal ikkje nyttast til å oppnå auka driftstid, og det skal berre vere små vasstandsvariasjonar knytt til opp- og nedkøyring av kraftverket. Dette er primært av omsyn til naturmangfald og mogleg erosjonsfare.

Post 4: Godkjenning av planar, landskapsforhold, tilsyn m.v.

NVE vil ikkje godkjenne planane før det er dokumentert at det er tilgjengeleg kapasitet og at kostnadsfordelinga er avklara, jf. våre merknadar ovanfor, under avsnittet "Forholdet til energiloven".

NVE har gitt konsesjon med følgjande føresetnader:

Inntak (kote)	475 moh.
Kraftstasjon (kote)	290 moh.
Største slukeevne	200 l/s

Minste slukeevne	20 l/s
Installert effekt	0,2 MW
Vassveg	Heilt nedgrave og med god landskapstilpassing
Spesielle føringar for rørgate	Skal i størst mogleg grad følgje eksisterande skogsvegar.
Avbøtande tiltak	God landskapsmessig løysing på inntak og rørgate. Kraftstasjon skal verte tilpassa lokal byggjeskikk og ha støydemping.

Mindre endringar kan verte godkjent av NVE som del av detaljplangodkjenninga. Dette inkluderar installert effekt og slukeevne. Anlegg som ikkje er bygd i samsvar med konsesjon og/eller planar godkjent av NVE, inkludert òg planlagt installert effekt og slukeevne, vil ikkje ha rett på elsertifikat. Dersom det er endringar skal dette gå tydeleg fram ved oversending av detaljplanane.

Detaljerte planar skal verte lagt fram for NVE sitt regionkontor i Region Sør og godkjent av NVE før arbeidet startar.

Tiltaket ligg i eit verna vassdrag og både kommunen og fylkeskommunen meiner at dette må det takast omsyn til ved utbygging. Det må leggjast vekt på løysingar der inntaket er minst mogleg synleg i terrenget. Inntaksplasseringa og rørtraseen skal vere i tråd med kva som er lagt fram i søknaden, jf. vedlegg her. Rørtraseen skal tilpassast terrenget på best mogleg måte og tilbakeførast etter anleggsfasen er over. Rørgata skal gravast ned på heile strekninga dersom NVE ikkje godkjenner anna av miljømessige omsyn.

Ved utforming av kraftstasjonsbygget skal det leggjast vekt på god tilpassing til nærliggande bygningsmasse. Kraftstasjonen vert liggande nær busetnad og støydempande tiltak er derfor nødvendig.

Mindre endringar kan godkjennast av NVE som del av detaljplangodkjenninga.

Post 5: Naturforvaltning

Vilkår for naturforvaltning blir teke med i konsesjonen sjølv om det i dag synast lite aktuelt å pålegge ytterligare avbøtande tiltak. Eventuelle pålegg i medhald av dette vilkåret må vere relatert til skadar forårsaka av tiltaket og stå i rimeleg forhold til storleiken og verknader av tiltaket.

Post 6: Automatisk freda kulturminne

Vi minner vidare om den generelle plikta om aktsemd med krav om varsling av aktuelle instansar dersom ein støyter på kulturminne i byggjefasen, jf. kulturminneloven § 8 (jf. post 3 i vilkåra).

Post 8: Tersklar m.v.

Dette vilkåret gjev heimel til å pålegge konsesjonær å etablere tersklar eller gjennomføre andre biotopjusterande tiltak dersom dette skulle vise seg å vere nødvendig.

Andre merknadar

Drikkevatn

I følge VVV-rapport 2000-3 er det eit drikkevatn- og jordvatningsinntak i Tverråna. NVE påpeikar at det er tiltakshavar sitt ansvar at privatrettslege forhold, som med drikkevatn, er avklart.

Forholdet til plan- og bygningsloven

"Forskrift om saksbehandling og kontroll i byggesaker" gjev saker som er underlagt konsesjonsbehandling etter vassressurslova fritak for byggjesaksbehandling etter plan- og bygningslova. Dette føreset at tiltaket ikkje er i strid med arealdel i kommuneplan eller gjeldande reguleringsplanar. Forholdet til plan- og bygningslova må avklarast med kommunen før tiltaket kan setjast i verk.

Forholdet til EU sitt vassdirektiv i konsesjonshandsaming hjå sektormyndigheita

NVE har ved vurdering av om konsesjon skal gjevast etter vassressurslova § 8 føreteke ei vurdering av krava i vassforskrifta (FOR 2006-12-15 nr. 1446) § 12 vedrørande ny aktivitet eller nye inngrep. NVE har vurdert alle tiltak som praktisk let seg gjennomføre for å kunne redusere skadar og ulemper ved tiltaket. NVE har sett vilkår i konsesjonen som ein vurderer eigna for å avbøte ei negativ utvikling i vassførekomsten. I vilkåra er det inkludert krav om minstevassføring og standardvilkår som etter post 5 i vilkåra gjev vassdragsmyndigheitene, medrekna DN/Fylkesmannen, høve til å gje pålegg om tiltak som seinare kan betre tilhøva i det påverka vassdraget. NVE har vurdert samfunnsnyttan av inngrepet til å vere større enn skadane og ulempene ved tiltaket. Vidare har NVE vurdert at føremålet med inngrepet i form av fornybar energiproduksjon ikkje med rimelegheit kan oppnåast med andre middel som er vesentleg betre for miljøet. Både om inngrepet teknisk kan gjennomførast og kostnader er vurdert.

Vedlegg: Kart over tiltaket

